



LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

Vi nyttar bygda sin bank
SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE

Avd. Leikanger
Bankgiro 3781.07.30251

ÅRSMELDING FOR LEIKANGER JAKT OG FISKELAG 1990

Når vi no skal sjå attende på 1990, ser året ut til å verte eit bra år for laget. Som vanleg stor aktivitet på Kleppa og byrjande innsats også på fisesida teiknar godt også for 1991.

Talet på medlemmer er i skrivande stund aukande. Til no ikkje stadfesta oversikt, den kjem først i april, tyder på at vi kjem ut med nær på 100 medlemmer. Dette er ein fin auke frå ifjor då talet var 72. Bakgrunnen for auken kan tilskrivast ein aktiv innsats på vervesida no rundt årsskiftet. Vi får vone at bygdefolket etter kvart har byrja å legge merke til kva som skjer i laget og ut frå dette vil finne det attraktivt å støtte oss gjennom medlemskap.

Det har vore 4 styremøte i perioden. Av viktige saker som er teke opp til vurdering, vil vi nemne:

I året som gjekk har kommuneplanen vore ute på høyring. I samband med utarbeiding av utbyggingsplan for området, har det vore nedsett ei plangruppe. I denne gruppa har Syril, grunneigarane, kulturstyret og og leiar i teknisk utval vore med. Styret i LJF vurderte ikkje ei slik samansetjing av gruppa som ein garanti for at laget sine interesser ville verte vel ivaretekne. Med bakgrunn i dette tok vi kontakt med teknisk utval som fann å kunne utvide plangruppa med ein representant frå LJF. Vidare arbeid i denne gruppa er ikkje kome igang.

I samband med legging av ny løypetrasé på Kleppa, fekk Syril hausten 1989 utført ein del uheldig gravearbeid på leirduebana. Etter kontakt med idrettslaget, var det semje om at Syril skulle ordne opp i dette innan stemnestart våren 1990. Diverre vart dette ikkje gjort til då og det er heller ikkje gjort seinare. Vi vonar no at arbeidet kan vere fullført innan stemnestart 1991.

LJF har gjort lite dei siste åra for å utvikle eit tilbod for dei fiskeinteresserte i laget. Styret har no difor byrja førebuande arbeid for å prøve å få avklara om det er mogeleg å få organisert fisket i Henjaelva. Saka har vore vurdert på alle styremøte i perioden, og det er voner om at dette kan gå iorden.

Som kjent vart det i 1990 gjennomført eit konvolutt-lotteri der premiane var skinker. Resultatet av lotteriet var særst godt, og det er lagt grunnlag for vidare arbeid med lotteri for tida framover.

Leirduebana er grunnlaget for det meste som skjer i laget. Med bakgrunn i dette og dei gode resultatata som dei aktive skyttarane kan vise til, har styret vedteke å innføre ei ordning der laget "subsidiarer" konkurranseskyttarar med skot på konkurransar utanom bygda, men maksimalt med 20 pakker pr. år. Leirdueskyting er ein dyr sport, og vi vonar denne nye ordninga vil verte til oppmuntring for aktive leirdueskyttarar.

Også i 1990 gjorde medlemmene i laget det sterkt på leirduestemner både i og utanfor fylket. I snitt var laget representert med 8 deltakar på stemner her i fylket. Frå dei gode resultatata nemner vi:

Stemnevinnarar:	Jakob Støyva	1 gong
	Nils Olav Langeteig	4 gongar
	Kurt Langeteig	8 gonger
	Jarle Walsvik	1 gong

I Marrochi Cup, leirducup'en mellom laga i Indre Sogn, hadde LJF 5 av 10 deltakarar i finalen. Den gjeve premien gjekk likevel til Årdal ved Johny Hovland.

Nils Olav Langeteig og Kurt Langeteig kvalifiserte seg til Beretta Norgesfinale på Åsnes der dei oppnådde heiderlege plasseringar med 28. og 17. plass. Det er viktig både for skyttarar og lag at ein gjennom deltaking på slike konkurransar får etablert gode kontaktar med andre skyttarar.

Den gjevaste prestasjonen står likevel kanskje dei tre som dro på Skagerakmeisterskapen på danskebåten. Kurt Langeteig vann meisterskapen, og vart i tillegg stemnevinnar på eit stemne i Ålborg! Tre-mannslaget fekk andrelassen på dette stemnet.

Fjærlandsetekonkurransen vart arrangert i 1990 og. Frå resultatata nemner vi at Ivar Næss fekk flest fisk med 26 medan Øyvind Røysum fekk den største, 0.680 kg. Det var 22 deltakarar.

Minkpokalen for 1990 går til Sigurd Gjöringbø med 7 minkar. Det er ingen i laget som har meldt inn rev. Frå 1991 er det slutt på skotpremie frå kommunen. Vi mister då grunnlaget vårt for tildeling av viltpokalar. Dersom det ikkje finst andre sikre metodar for å registrere mink og rev, fell pokalordninga no vekk.

Av nytt frå leirduebana, kan vi opplyse at Jarle Walsvik har sagt seg viljug til å vere ansvarleg for bana. Dette fører til at vi no har fått ein fast person som vil halde oversikt over kva som bør gjerast og som alle kan vende seg til med spørsmål.

For 1991 er jaktutvalet igang med planar for å få bygd overbygg på standplass. Anlegget er no gjeldfritt etter at vi har betalt attende lånet i Sparebanken Sogn og Fjordane.

LJF har for tida fire sponsorar: Sogn Tavle og Datamontering, Sparebanken Sogn og Fjordane, Kurt Langeteig Byggefirma og Tollpost-Globe.

Til slutt vil vi nemne at Kurt Langeteig er godkjent som brukar av elektrisk dressurhalsband for hundar.

Styret



LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

Vi nyttar fylkesbanken
SPAREBANKEN SOGN & FJORDANE
Bankgiro 3781.07.30251

STYRET I LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

1990

FORMANN	B	SVEN ERIK VESTBY	
NESTFORMANN	B	PER HAUGE	
KASSERAR	A	ODD REKSNES	
STYREMEDLEM/SEKRETÆR	B	JAKOB STØYVA	
STYREMEDLEM	A	NILS OLAV LANGETEIG	
VARAMANN	B	BJØRN HAGEN	
FORMANN I JAKTUTVALET	A	KURT LANGETEIG	
	A	SVEIN INGE LUNDHEIM	
VARAMANN	A	IVAR FAGERHEIM	
	B	VIDAR FREKALAND	
FORMANN I FISKEUTVALET	A	SVEIN INGE MOUM	
	B	AGNAR GÅSERUD	
VARAMANN	A	KOLBJØRN NORD	
	A	KNUT HAUKELAND	
VALNEMND	FORMANN	A	SVEIN INGE HENJUM
		B	SVEIN INGE LUNDHEIM
		A	VIDAR FRÆKALAND
REVISORER	A	SVERRE FOSSEN	
	A	INGE YTTRI	

B: PÅ VAL

A: IKKJE PÅ VAL



Vårt banksamband:
SPAREBANKEN
Sogn og Fjordane

Knto:3781 07 30 251

	Utgifter	Inntekter
Annonser	2224.24	2560.00
Kurs	1100.00	55037.20
Vedlikehald bana	1834.55	57001.00
Premiar	15268.90	26693.42
Leige, Kleppa	890.00	660.00
Erik's	155517.00	132.00
Leirduekastar	1505.00	21700.00
Renter bank, lån	7320.00	2386.00
Lotteri	4925.00	3866.00
Kioskvarer	5719.70	
Andre utg.	2222.65	
<u>Sum utgifter</u>	<u>198527.04</u>	<u>170036.11</u>
Kontigentoppgjjer		2560.00
Inntekt stemne		55037.20
Sal skot		57001.00
Inntekt treningar		26693.42
fiskekonkurransen		660.00
Tilskot jegerprøven		132.00
Inntekt lotteri		21700.00
Renteinntekter		2386.00
Andre inntekter		3866.00
<u>Sum inntekter</u>		<u>170036.11</u>
	198527.04	170036.11
Underskot		28490.93
	<u>198527.04</u>	<u>198527.04</u>

Aktiva pr 31.12.90

Sparebanken 18393.62

Postgiro 1366.08

Skot-duer-premiar 47661.00

Eigen del

67420.70

Passiva pr 31.12.90

Sparebanken, lån 18194.00

49226.70

67420.70

31.12/ 25.2.91 Odd Reksnes
Odd Reksnes

Årsmøte 15/2-91 på Elvegard kafe.

Det møtte 24 medlemmar på årsmøte.

1. Sven Eric Vestby vart valgt som ordstyrar
2. Svein Inge Lundheim vart valgt som skriver, og Steinar Næss og Knut Jarle Krosshaug vart valgt til å skriva under protokollen.
3. Det var ingen merknad til innkallinga.
4. Årsmeldingen vart godkjent. Det vart stilt spørsmål om fiske i nedre del av Henjedra.

Rekneskapet vart godkjent med nokre spørsmål.

5. Valg. Formann	Kurt Langeteig	(2 år)
Nestformann	Pet Hauge	(1 år)
Sekretær	Bjørn Fjøsne	(2 år)
Varamann	Bjørn Hagen	(2 år)

Jaktutvalget:

Varamann Vidar Frøkaland (2 år)

Ein i utvalget skal møta som representant i styre i skaden for Kurt Langeteig

Fiskeutvalget: Formann
Kolbjørn Nøvel (2 år)
Svein Inge Moim (1 år)
Jan Thore Fedje (2 år)

Valnemnd : Svein Inge Lundheim (Lar)

Utsendingar til fylkesårsrapport : Kurt Langseth
Odd Reksnes

I 1991 vart Jarle Walsvik pålagt ansvaret for vedlikehold av baneanlegget på Kleppa.

Sven Erik Vestby vart overreidt gave fra laget ved Per Hauge
6. Steinar Næss orienterte om UNI-forsikring rabatt ved medlemskap i Norges Jeger og Fiskeforbund.

Utdeling av minnepokalen til Sigurd Gjeringbø

Presentasjon av overtreksdrakter
Loddsalg, (1000,-kr)5 - gevinstar, som laget felds som gaver.
Videofilm og lysbilde

Steinar

Jarle Walsvik